

# **Velkommen til SFO i Forsand**

## **Årsplan**

### **2019/2020**



## **INFORMASJON TIL FORELDRE/FØRESETTE:**

**Først og fremst:** Me ønskjer alle barn og føresette velkommen til eit nytt skuleår! Me i SFO gler oss til å bli kjende med nye elevar, og til å møte igjen dei elevane som kjem tilbake til oss etter sommarferien ☺

### **INNMELDE BARN 2019/2020:**


Hausten 2019 er det 25 barn innmelde til SFO. Desse er fordelt slik:

1. trinn: 8 elevar
2. trinn: 4 elevar
3. trinn: 11 elevar
4. trinn: 2 elev

### **FØREMÅLET MED SFO**

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar frå 1.-4.klasse, og elevar med særskilde behov på 1. – 7. trinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå elevane. SFO skal gi elevane omsorg og tilsyn. Funksjonshemma elevar skal gis gode vilkår for utvikling. Areala både ute og inne skal vere eigna for føremålet.



*Dei viktigaste elementa i SFO er barnestyrt leik ute og inne, aktivitetar, måltid og sosialt samvær med vaksne og barn på tvers av alder*

## Målsetjing for SFO ved Forsand skule

**Målsetjinga vår er å skape eit miljø der omsorg for kvarandre, tryggleik, trivsel, venskap og positive relasjonar skal stå sentralt.**

**For å skape tryggleik og trivsel** er det viktig at kvar enkel elev får merksemd. I ein travel kvardag kan det vere utfordrande å gi alle like mykje merksemd. Aktivitet i smågrupper, samt rutinesituasjonar som påkledning og måltider er viktige arenaer. Her har dei vaksne anledning til å sjå og høyre elevane, og det gir rom for å snakke saman.

**Me som er vaksne på SFO** skal ta barna på alvor og høyre på det dei måtte ha på hjartet. Me skal og vere tydelege, slik at barna veit kvar grensene går. Dei vaksne skal vere tilgjengelege for barna i leik ved å leggje til rette for dei, og ved å delta i leiken når det er ønskjeleg. Me skal vere gode samtalepartnar og hjelpe barna i situasjonar der dei ikkje klarer å ordne opp sjølve.

**Leiken saman med vener og fridomen til sjølv å velje** står høgt når me spør barna kva dei helst vil gjere på SFO. Difor ønskjer me først og fremst å gi rom og anledning for barna å leike når dei er inne, og at dei kan utfalde seg fysisk gjennom leik og aktivitetar når dei er ute. Ballbingen, sandkassen og det nye «turn- og aktivitetsområde» i skulegarden vert mykje brukt. Måndager i oddetalsveker disponerer SFO symjehallen frå kl. 12:00-14:00. I partalsveker disponerer me gymsalen frå 12:00 til 13:05

## **ANSVAR, RESPEKT OG OMSORG** er viktig ved vår SFO

Med **ANSVAR** meiner me at barna skal :

- rydde etter seg og setje koppar og kar i oppvaskmaskinen
- rydde etter leik før dei går i gang med ny leik
- halde det ryddig på plassen sin i garderoben
- sjå til at det ser greitt ut på toalettet når dei har hatt eit «ærend» der □

Med **RESPEKT** meiner me at barna skal:

- snakke vennleg til kvarandre
- bruke inne-stemme

- ta omsyn til at me er mange saman, og at me difor ikkje kan rope høgt og i munnen på kvarandre
- la andre barn leike i fred og ikkje bryte inn for å øydeleggje leiken for kvarandre
- stoppe når nokon seier STOPP! Alle er kjende med stopp-regelen, og veit kva den betyr.

Med **OMSORG** meiner me at barna skal:

- hjelpe kvarandre i ulike situasjonar
- ta med andre i leik
- bry seg om at andre har det bra
- sei ifrå til ein vaksen viss dei ser eller høyrer noko dei ikkje syns er bra

## **MÅLTIDENE PÅ SFO**

Me ønskjer at det skal vere ro kring bordet når me et, derfor er det ingen som skal leike medan måltida pågår. Målet er alle skal vise respekt for kvarandre når me sitt så mange saman, og vise aksept for at den enkelte skal få ete i fred og ro. SFO gir tilbod om lunsj kvar måndag. Dei andre dagane er det viktig at elevane har med seg matpakke til måltid kl:14:00. Dei vil få tilbod om frukt etter maten onsdagar og fredagar.

## **DAGSRYTMEN PÅ SFO, SKULEÅRET 2019/2020**

Kl. 6.45	SFO opnar
Kl. 7.00-8:00	Frukost (frå eigen matpakke) for dei som ikkje har ete heime
Kl.12:00– 14:00	Me nyttar skulen sine leikeområdet eller går på tur i nærområda. Annan kvar måndag blir det symjing. Me har tilgang til fritidsklubben sine lokalar for dans eller spel. Me nyttar oss også av biblioteket. Servering av lunsj kvar måndag.
Kl. 14.00	Elevar som skal med buss blir følgt av ein vaksen. Mat (frå eigen matpakke) og fruktservering onsdag og fredag
Kl. 14.15 – 16.00	Fri leik inne eller ute (om me går ut heng det lapp på døra kvar foreldra/føresette kan finna oss)
Kl. 16.00 – 16.15	Ryddetid
Kl. 16.15	SFO stengjer

SFO har eigen mobiltelefon. Om det skulle vere viktige beskjedar eller informasjon dei tilsette på jobb treng å vite, er det viktig at føresette tek kontakt

på denne. SFO har mobilnummer: **400 36 808**. Det er også anledning til å ta kontakt med skulen på telefon 51 70 02 01, skulen sitt forkontor (gjeld fram til 14.30) eller Helgunn på tlf: 90727122 mail: helgunn.solheim.arvik@forsand.kommune.no

## **FORELDRESAMARBEID**

Me som arbeider i SFO ønskjer eit så nært samarbeid med dykk føresette som mogleg. Gjensidig tillit og openheit er grunnlag for eit godt samarbeid. Viss barnet gir signaler heime om å ikkje trivast i SFO er det viktig at me vaksne får vite om det. Det kan og vere greitt å informere personalet om eventuelle hendingar i familien som kan ha betydning for barnet. I samband med dette minner ein om at personalet har taushetsplikt ihht. Forvaltningslova. De er alltid velkomne til å ta kontakt med oss, anten i hente/bringe situasjon eller over telefon. SFO har ikkje eigne foreldresamtalar med føresette. Om de som foreldre/føresette likevel ønskjer det, vil det vere anledning å gjennomføre slik samtale etter førespurnad. Det vil bli halde eit samla foreldremøte på hausten rett etter oppstart.

**Bringe og hente barn på SFO:** Opningstida på SFO er frå kl. 06.45 – 16.15 Personalet har same arbeidstid som opningstidene. Barna må difor hentast seinast kl. 16.15, elles må personalet arbeide overtid, og det vert dyrt. Det kan og bety at personalet ikkje klarer å følgje opp sine eigne forpliktingar og planar etter arbeidstid. Foreldre/føresette har sjølv ansvar for å bringe og hente eigne barn til rett tid.

## **ANNAN INFORMASJON**

**Teieplikt.** Personalet har teieplikt.

**Ferie og fridagar:** SFO har stengt heile juli månad. I andre feriar har SFO opent viss det er nok elevar påmeldt (minimum 3). SFO har også stengt 3 planleggingsdagar.

**Bruk av data/chromebook:** Me kjem berre til å bruke chromebook ved særskilde anledningar. Barna kan ikkje ta med eigne «spelemaskinar» heimefrå til bruk i SFO.

**Forsikringsvilkår:** Dei same forsikringane gjeld medan i SFO som i skuletida.

**Sjuke barn og sjukdom:** Viss barna ikkje er i stand til å delta i SFO sine daglege aktivitetar, må dei vere heime. I SFO er me ute, uavhengig av ver og vind. Det er ikkje kapasitet til å vere inne med enkeltelevar eller å ta oss spesielt av elevar som ikkje kan delta på lik linje med dei andre elevane.

**Merking av klede:** Alle klede, sko og støvlar som barna har med seg på SFO må vere merka. Det er då enklare for alle å hengje klede på rett plass. Ein slepp og då at det er store mengder «gløymde» klede igjen ved juletider og til sommarferien.

Månad	Aktivitetsplan
August	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjent med barn og voksne på SFO</li> <li>- Bli kjent med skulen, SFO og uteområdet</li> <li>- Bli kjent med rutinar, reglar og grenser</li> <li>- Leik i skuleområdet</li> </ul>
September	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Me startar opp med symjing annan kvar måndag.</li> <li>- Fortsette å bli kjent med kvarandre og skuleområdet.</li> <li>- Leik og aktivitetar</li> <li>- Bursdagsfeiring (juli, august, september)</li> </ul>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Haustferie veke 41, 7.-11. oktober</li> <li>- Fokus på FN-dagen og menneskerettar</li> <li>- Leik og aktivitetar</li> </ul>
November	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Adventsførebuing</li> <li>- Kunst i naturen</li> <li>- Starte med litt julebakst</li> <li>- Starte med å lage julegåver</li> </ul>
Desember	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bursdagsfeiring (oktober, november, desember)</li> <li>- Meir juleførebuingar</li> <li>- Meir julebakst</li> <li>- Nissefest/ julebord</li> </ul>
Januar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppstart Torsdag 2. januar.</li> <li>- Uteaktivitetar med snø og is (?)</li> <li>- Inneaktivitetar, leseglede med høgtlesing.</li> </ul>
Februar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 6 februar, samenes nasjonaldag</li> <li>- Fastelaven, aktivitetar</li> <li>- Karneval på SFO</li> <li>- Vinterferie veke 9. 24. - 28. februar</li> <li>- Aktivitetar</li> </ul>
Mars	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bursdagsfeiring</li> <li>- Ulike aktivitetar og leiker i gymsalen og ute i skuleområdet</li> <li>- Aktivitetar</li> <li>- Påskeverkstad</li> </ul>
April	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Påskeverkstad, kanskje kjem påskeharen?</li> <li>- Påskeferie veke 15, 6.-14. april</li> <li>- Våren kjem og vi er meir ute</li> </ul>
Mai	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebuing til 17. mai ved deltaking i rydding av skulen sitt Uteområde og områda i nærleiken.</li> <li>- Friluftsveke, me flytter ut i veke 21 og er berre ute i ei veke uansett vær. Leiker, grilling og aktivitetar tilpassa været ☺</li> </ul>
Juni	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Uteaktivitetar, turar i skog og mark</li> <li>- Bursdagsfeiring(mai, juni og juli)</li> <li>- Leiker og aktivitetar</li> </ul>